

Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve, Stryn kommune, Vestland

Heimel: Fastsatt av Stryn kommunestyre 7. mai 2024 med heimel i [lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall \(forurensningsloven\) § 52a](#) og [forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning \(forurensningsforskriften\) § 11-4](#).

§ 1.Verkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for sakshandsaming og tilsyn med utslepp frå sanitært avløpsvatn frå bustader, fritidsbustader og andre utsleppskjelder med innlagt vatn.

Utsleppa skal maksimalt utgjere utslepp med mindre enn 50 PE (personekvivalentar), jf. [forskrift om begrensning av forurensing \(ureiningsforskrifta\) kapittel 12](#).

§ 2.Definisjonar

I samsvar med [ureiningsforskrifta § 11-3](#) gjeld følgjande definisjonar:

Sanitært avløpsvatn

Avløpsvatn som hovudsakleg skriv seg frå menneskeleg stoffskifte (kloakk) og frå hushaldsaktivitetar. Under dette kjem avløpsvatn frå vassklossett, kjøkken, bad og liknande.

Gråvatn

Gråvatn er den delen av avløpsvatnet frå vanleg hushald som kan tilbakeførast til avløp frå kjøkken, bad og vaskerom. Klosettavløp inngår ikkje i denne avløpskategorien.

Avløpsanlegg

Alle anlegg for handtering av avløpsvatn som inneheld ein eller fleire av dei følgjande hovudkomponentane: Avløpsnett, reinseanlegg og utsleppsordning.

Personekvivalent (PE)

Personekvivalent (PE) er den mengda organisk stoff som vert biologisk brote ned med eit biokjemisk oksygenforbruk over 5 døgn (BOF5) på 60 g oksygen i døgnet. Storleiken til avløpsanlegget i PE vert utrekna på grunnlag av den største mengda på vekebasis som går til reinseanlegget eller utsleppspunktet i løpet av eit år.

Det vert gjort unntak for uvanlege forhold som t.d. skuldast unormalt kraftig nedbør. 1 PE tilsvrar utsleppet frå 1 person.

§ 3.Sakshandsamingsgebyr

Det skal betalast eit eingangsgebyr for sakshandsaminga ved søknad om utsleppsløyve, og ved søknad om endring av utsleppsløyve. Gebyret skal betalast både ved oppføring av nye bustader/bygg, og dersom der vert stilt krav om utsleppsløyve for eksisterande bygg. Sakshandsamingsgebyret skal betalast også ved eit eventuelt avslag på søknaden.

§ 4.Tilsynsgebyr

Det skal betalast eitt tilsynsgebyr kvart år for alle avløpsanlegg som er omfatta av denne forskrifta. Egedomar med fleire avløpsanlegg, skal belastast eitt gebyr for kvart av anlegga. Det vil bli utført tilsyn av anlegga.

For at tilsynsgebyret skal falle bort mellombels eller permanent, skal vasstilførselen koplast frå på utsida av bygget og plomberast av godkjent rørleggar. Dette må meldast skriftleg til kommunen.

§ 5. *Gebrysatsar*

Gebrysatsane vert fastsett årleg av kommunestyret. Gebyra skal samla sett ikkje overstige kostnadene knytt til sakshandsaming og kontroll av anlegg, jf. [ureiningslova § 52a](#).

Gebyra skal dekkje kostnader til førebuing, gjennomføring og rapportering i samband med sakshandsaming og tilsyn av mindre anlegg.

§ 6. *Innbetaling av gebyr*

Sakshandsamingsgebyr vert fakturert når søknad om utsleppsløyve er ferdig handsama.

Tilsynsgebyret vert fakturert ein gong i året.

§ 7. *Innkrevning av gebyr*

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. [ureiningslova § 52a](#) og [lov om tvangfullbyrdelse kap. 7](#). Etter søknad og i særskilte tilfelle, kan gebyrkravet gjes avkall på eller reduserast dersom det er tydeleg urimeleg i forhold til dei prinsippa som er lagt til grunn for gebyrutmålinga, eller dersom arbeidet og kostnadene knytt til saka er vesentleg lågare enn det som er lagt til grunn for gebyrutmålinga.

§ 8. *Klage*

Gebyra som kjem fram i gebyrregulativet som er vedtatt av kommunestyret, er ei forskrift. Det er ikkje mogleg å klage på denne, jf. [forvaltningslova § 2](#), første ledd, bokstav c.

Det kan klagast på enkeltvedtak som er gjort med grunnlag i denne forskrifta. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er mottatt. Klage skal sendast til tilsynsorganet. Formannskapet i deltakerkommunen er klageinstans, jf. [ureiningslova § 85](#), andre ledd, tredje punkt og [forvaltningslova § 28](#), andre ledd.

§ 9. *Oppstarttidspunkt for forskrifta*

Forskrifta vert sett i kraft frå 1. januar 2024.